

INGE SONDRÉ BRATLAND
BRATLANDSVEGEN 13
3895 EDLAND

Dato: 11.11.2025
Vår referanse: 2025/8398-4
Sakshandsamar: Turid Opsund

88/117 - Løyve til Oppretting av matrikkelenhet - arealoverføring

Gbnr: 88/117
Tiltakshavar: Inge Sondre Bratland
Type tiltak: Oppretting av ny matrikkeleining
Plantype: Saka er handsama i samsvar med gjeldande reguleringsplan
Namn på plan – planid: 88/16 Bratland


Delegert vedtak: 62/25

Vedtak

I samsvar med plan og bygningslova § 20-1, bokstav m) vert det gjeve løyve til å dele frå omlag 7 daa frå eigedom 88/117 slik det er søkt om. Det vert sett som føresetnad at arealet vert lagt til eigedom 88/3.

Bakgrunn

Eigar av 88/117 søker om å skilje frå eit areal på omlag 7 daa. Arealet skal først over på eigedom 88/3. Eigedom 88/117 er ei stor bustadtomt som i si tid kjem frå 88/3. Arealet er regulert til bustad i reguleringsplanen for Bratland. Det er og sett av til bustadføremål i kommunedelplan for Haukeli/Edland. Sjølv om arealet vert lagt til ein landbrukseigedom, vil ikkje bruken av arealet endre seg. Ein kan handsame søknaden som ei frådleing til uendra bruk. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med andre arealbruksinteresser.



Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Turid Opsund

rådgjevar plan

Plan, økonomi og berekraft

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

INGE SONDRE BRATLAND

Kopi til:

JOHN HARMAN BRATLAND

Vedlegg: Generell informasjon om deling

Oppmålingsforretning

Der det er gjeve løyve til frådeling/bortfesting etter Plan- og bygningslova, er saka klar for handsaming etter Matrikkellova.

Når rekvisisjon av oppmålingsforretning er motteke, skal kommunen gjennomføre oppmålingsforretninga innan fristar gjeve i § 18 i Matrikkelføresegna om ikkje anna er avtala med rekvirenten.

I medhald av kommunestyrevedtak 10.12.2009 om vintertid, skal tida 1. oktober til 30. april ikkje takast med ved utrekning av fristar.

Det vert sendt ut varsel om oppmålingsforretning til rekvirent, registrert eigar, registrert festar og naboar seinast to veker før oppmålingsforretninga. Oppmålingsforretninga må gjennomførast på bermark. Grunneigar, nabo og eventuelt andre rettshavarar må møte på forretninga sjølve eller vere representert med fullmektig. Partane vert samde om grenser som vert varig merkte med godkjente grensemerke.

Etter at oppmålingsforretninga er halden, vert den nye eigedomen ført inn i matrikkel og grunnbok. Etter at tinglysinga er stadfest, vil kommunen utferde matrikelbrev som vert send til rekvirenten.

Heimelsovergang skjer ved å tinglyse eit skøyte, eventuelt festeavtale for festetomter. Me gjer merksam på at Vinje kommune ikkje utferdar skøyte/festeavtale i samband med overføring av heimel for ein eigedom. Dette er ei sak mellom seljar og kjøpar som sjølve må syte for å skrive skøyte/festeavtale og få dette tinglyst. Eigenfråsegn om konsesjonsfritak med stadfesting frå kommunen må fylgje skøyte til tinglysing. Statens kartverk, Tinglysinga vil krevje tinglygingsgebyr og eventuell dokumentavgift i høve slik heimelsoverføring.

Oppmålingsgebyr etter gjeldande gebyrregulativ fastsett av Vinje kommunestyre i sak 09/62, vert ettersendt.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Oppmålingsavdelinga eller Tenestetorget i Vinje kommune på tlf. 35 06 23 00.